

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 08.06.2016, kl. 16.30
Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Pål Aarsæther
Janne Gommesen, Elise Marie Backlund Stavset og varamedlem Arnstein Sæthre hadde meldt forfall.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Dag Olav Tennfjord. Rådmann Bente Glomset Vikhagen og ass. rådmann Kristian Skålhavn møtte i sak 20/16.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn eit tema under eventuelt.

SAK 17/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 28.04.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 28.04.2016 blir godkjent med følgjande endringar etter framlegg frå Inge Øye:

Vedkomande sak 15/16.

1. Protokolltilførsel.

Inge Øye ønska å få protokollert at han ønska kontrollutvalet skulle, på dette møte, handsame utkast til reglement for kontrollutvalet som ad-hoc-gruppa og 2 medlemmer av kontrollutvalet hadde blitt enige om.

Endringsforslag frå Inge Øye vedkomande sak 16/16:

Tittelen på saka skal vere:

Eventuell rapport om gjennomgang av utval sine møtebøker.

Han meinte namn på utval som var gjennomgått måtte med og kva som kom fram av gjennomgangen.

Det blir vist til endra møtebok frå møte 28.04.2016.

SAK 18/16
DRØFTING AV REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.06.2016

Det blir vist til eit tidlegare vedtak i kommunestyret som lydte slik:

Kommunestyret utset handsaming av saka og ber om at ad-hoc-gruppa tek initiativ til eit felles møte med kontrollutvalet for å drøfte utkastet til reglement. Målet er å skape god dialog og finne ei omforeint løysing til eit tenleg reglement.

Utkast til reglement hadde blitt laga utan at kommunestyret sitt vedtak hadde blitt oppfylt og kontrollutvalet hadde ikkje blitt involvert. Kontrollutvalet vart verken formelt innkalla til møtet dette ad-hoc utvalget eller fekk tilsendt det bearbeidde reglementet i etterkant til handsaming i kontrollutvalget sitt møte. Som følge av dette fekk ikkje kontrollutvalet behandle reglementet.

Med utgangspunkt i ovannemnde fatta kontrollutvalet 28.04.2016 i sak 15/16 slikt samrøystes vedtak:

1. *Ad-hoc-gruppa sitt forslag til retningsliner for kontrollutval blir ikkje godkjent.*
2. *Kontrollutvalsekretariatet få i oppdrag til neste møte å legge fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet.*

Protokolltilførsel frå Inge Øye til sak 15/16:

Inge Øye ønska å få protokollert at han ønska kontrollutvalet skulle, på dette møte, handsame utkast til reglement for kontrollutvalet som ad-hoc-gruppa og 2 medlemmer av kontrollutvalet hadde blitt enige om.

I kommunestyresak 55/16 vedtok kommunestyret ad-hocutvalet sitt framlegg.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning.

SAK 19/16
INNKOME BREV, B – SAK

Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Ved votering vart møtet bestemt lukka.

Brevet var ikkje stila direkte til kontrollutvalet.

Brevet tok ikkje opp nye moment i saka.

Brevet inneheld ikkje søknad om noko og er ikkje eigna til vidare behandling.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å tilskrive brevskrivar for å få klarheit i kva som var intensjonen med brevet.

Møtet vart opna.

SAK 20/16**OPPFØLGING AV VEDTAK I SAK 16/16, RÅDMANNEN ORIENTERER**

Rådmannen orienterte om korleis kommunen følgjer opp resultatet av elevundersøkingane i skulen og spesielt ungdomsskulen samt kva tiltak som er sett inn for å redusere sjukefråveret i kommunen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 21/16**PROSEDYRER FOR GODKJENNING AV KONTROLLUTVALET SINE MØTEBØKER**

(Saka kom opp under eventuelt)

Bakgrunnen for saka var sein tilbakemelding på utkast til møtebok. Dette var tema også i førre møte. Det vart presisert at rask tilbakemelding var viktig og at reglar omkring denne problemstillinga er viktig.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir gitt ein frist på 2 virkedagar for å gi tilbakemelding på utkast til møtebok. Utan slik tilbakemelding innan fristen, er møteboka å rekne som godkjent. Formell godkjenning skjer i påfølgjande møte.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
medlem
(sign)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)